

## VARSEL OM OPPSTART AV REGULERINGSPLANARBEID

I medhald av plan og bygningslova (pbl) § 12-8 vert det med dette varsla at det skal setjast i gong reguleringsplanarbeid for Jydalen, Fammestad, del av gnr. 24, bnr. 2 m.fl., Lindås kommune.

### Reguleringsplan:


Ein reguleringsplan består av arealplankart med tilhøyrande føresegner og planskildding som syner bruk, vern og utforming av areal. Ein reguleringsplan fastsett framtidig arealbruk for området og er ved kommunestyret sitt vedtak bindande for nye tiltak eller utviding av eksisterande tiltak.

### Tiltakshavar og konsulent:

Anders Myking Fammestad i samarbeid med NHB Bolig Vest AS er tiltakshavar. Ard arealplan as er konsulent for reguleringsplanarbeidet.

### Planområdet:

Planområdet er på om lag 43 daa og ligg på Fammestad langs Mykingvegen like ved Hegrenesvatnet. I kommuneplanen for Lindås er området avsett til bustadføremål og LNF-område. Planarbeidet har til hensikt å gjere eit bytte av område for bustad og LNF for å unngå store terrenginngrep og inngrep i dyrka mark. Byttet vil òg samle to små bustadføremål til eitt større samla areal. Oppstart av planarbeidet har vore handsama av Plan- og miljøutvalet i Lindås kommune for å ta stilling til byttet av areal (saksnr. 121/15). Vedtaket samtykker til oppstart, og stiller krav om at ein må konsekvensutgreie LNF-området som er føreslått regulert til bustad, men at ein kan innlemme konsekvensutgreiinga i planskilddinga til planen og at det ikkje er naudsynt med fullt planprogram. Konsekvensutgreiinga må omfatte dei same utgreiingskriteria som ein ville vurdert i kommuneplansamheng for å vise eventuelle konsekvensar av tiltaket.



Figur t.v.: Utsnitt av gjeldande kommuneplan. Svart stipla linje syner planavgrensing. Grøne linjer syner bustadområda ein vil regulere til LNF-område og oransje linje syner område ein vil regulere til bustadføremål.

### Reguleringsplanen sitt føremål:

# Ard

arealplan

Føremålet med reguleringsplanarbeidet er å bytte om lag 6,5 daa bustadføremål nord i planområdet med LNF-område i sør. Planarbeidet har til hensikt å regulere om lag sju nye tomter for einebustader. Meir opplysningar om planarbeidet finst på saksnr. 15/2611 hos Lindås kommune og på [www.ardarealplan.no](http://www.ardarealplan.no).

## Merknadar til oppstartsmeldinga:

Vi inviterer til samarbeid og medverknad i den kommande prosessen. Innspel eller merknader som angår løysingar eller gjeld særlege behov kan sendast skriftleg til:

Ard arealplan as  
Nygårdsgaten 114  
5008 Bergen  
e-post: [post@ardarealplan.no](mailto:post@ardarealplan.no)

Det er ikkje naudsynt å senda kopi av merknadar til Lindås kommune. Alle mottekne dokument, merknadar og liknande vert sendt kommunen saman med planframlegget.

## Merknadsfrist:

Frist for merknader er satt til **26. oktober 2015**.

## Vidare saksgong:

Etter merknadsfristen vil sjølve planframlegget bli utarbeidd, og deretter sendt til Lindås kommune for sakshandsaming. Etter første gongs handsaming i planutvalet, vert planen sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i seks veker. Det vil då vere mogleg å komme med merknader til planframlegget før vidare politisk handsaming.





Jan Espen Vik  
Dagleg leiar · By- og regionplanleggar

Tlf: 55 31 95 00

Vedlegg: varslingskart og varslingsliste

## KART OVER PLANOMRÅDET:



**VARSLINGSLISTE:**

## Naboar

Gnr/Bnr	Eigedomens adresse
24/138	Eigedomen har ikkje vegadresse
24/1	REIKERÅSVEGEN 54
24/94	MYKINGVEGEN 482
24/92	MYKINGVEGEN 475
24/4	REIKERÅSVEGEN 26
24/93	MYKINGVEGEN 477
24/2	REIKERÅSVEGEN 15
24/90	MYKINGVEGEN 500
24/127	MYKINGVEGEN 480

## Offentlege

HORDALAND FYLKESKOMMUNE	POSTBOKS 7900	5020	BERGEN
STATENS VEGVESEN REGION VEST	ASKEDALEN 4	6863	LEIKANGER
BKK NETT AS, NETTPROSJEKT	POSTBOKS 7060	5020	BERGEN
FYLKESMANNEN I HORDALAND	POSTBOKS 7310	5020	BERGEN
NVE REGION VEST	POSTBOKS 53	6801	FØRDE
LINDÅS KOMMUNE	KVERNUSMYRANE 20	5914	ISDALSTØ
NGIR	LINDÅSVEGEN 1260	5956	HUNDVIN